



# Kinn kommune

**Arkiv:** PlanId-20200001,  
PlanNamn-  
Kommuneplanens  
arealdel 2020-2030,  
PlanType-20  
**JournalpostID:** 20/14879  
**Sakshandsamar:** Anders Espeset  
**Dato:** 18.05.2020

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/20	Plan- og samfunnsutvalet	08.06.2020
103/20	Kommunestyret	16.06.2020

### Kommuneplanens arealdel - vedtak av planprogram

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar planprogram for Kommuneplanens arealdel 2020-2030 slik det ligg føre med heimel i Plan- og bygningslova av 1.juli 2009, § 4-1 og § 11-13.

#### Plan- og samfunnsutvalet 08.06.2020:

##### Handsaming:

Tenesteleiar Anders Espeset orienterte og svarte på spørsmål.

Tilleggsforslag: Tilleggsforslag frå SP-v/Asgeir Solheim:

"Utvalet ønskjer at det i planen skal leggjast meir til rette for naust/rorbuar i Kinn kommune».

##### Votering:

SP-v/Asgeir Solheim sitt tillegg til kommuendirektøren sitt forslag falt mot to stemmer (SP)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

#### PSUV- 039/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtar planprogram for Kommuneplanens arealdel 2020-2030 slik det ligg føre med heimel i Plan- og bygningslova av 1.juli 2009, § 4-1 og § 11-13.

#### Kommunestyret 16.06.2020:

##### Handsaming:

Tilleggsforslag, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti

I planen skal det leggest til rette for naust/rorbuer og hytter i Kinn kommune.

Framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

I planen skal ein gjere ei heilskapleg vurdering av aktiv utnytting og skjerming av strandsona

#### **Votering:**

Det vart votert alternativt over framlegg frå FrP v/repr. Djuvik og framlegg frå SP v/varaordførar Kongsvik.

Framlegg frå FrP vedtatt mot 8 røyster, (Sp og Uah).

Det vart deretter votert samla over framlegg frå plan- og samfunnsutvalet med endringar i framlegg frå Frp v/rep. Djuvik, samrøystes vedtatt.

#### **KOST- 103/20 Vedtak:**

Kommunestyret vedtar planprogram for Kommuneplanens arealdel 2020-2030 slik det ligg føre med heimel i Plan- og bygningslova av 1.juli 2009, § 4-1 og § 11-13.

I planen skal ein gjere ei heilskapleg vurdering av aktiv utnytting og skjerming av strandsona.

#### **Bakgrunn for saka:**

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med handlingsdel (tekstdel), ein arealdel (plankart) med tilhøyrande rettsleg bindande føresegner for arealbruken og ein handlingsdel. Kinn kommune er nettopp etablert og har og vedtatt ny samfunnsdel. Tidlegare Flora kommune har ein ny og oppdatert arealdel (2017). Tidlegare Vågsøy har ein gammal og utdatert arealdel (2002), som i praksis fører til stagnasjon i fleire saker. Ein ny kommuneplanens arealdel har difor høg prioritet. Planprogrammet, som beskriv korleis ein skal lage planen, har vore på høyring. Det kom inn 5 innspel som er delvis innarbeidd i planprogram til vedtak.

#### **Saksopplysningar:**

For ein kommune er ein vesentleg del av eit godt styringsverktøy ein oppdatert juridisk bindande kommuneplanens arealdel. Tidlegare Flora har det gjennom ein relativt ny arealdel, medan tidlegare Vågsøy har det ikkje med sin utdaterte plan frå 2002. Vågsøy har jobba med sin nye arealdel i nokre år etter at planprogrammet vart vedtatt i 2016, utan å komme i mål før kommunesamanslåinga. Nytt planprogram har vore til høyring i 6 veker, og det har kome innspel frå NVE, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet og Måløy Vekst. Sentrale punkt herfra er innarbeidd i planprogram til vedtak.

#### **Kvifor planprogram?**

For kommuneplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det ved varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som gir grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal vise:

- Formålet med planarbeidet
- Kva tema som skal ha prioritet
- Behov for utgreiingar
- Korleis arbeidet skal gjennomførast med fristar og opplegg for medverknad og informasjon

#### **Vurderingar:**

##### **Prioritering av tema i planprosessen**

Nyleg utarbeidd kommuneplanens samfunnsdel har i kapittel 1 Arealutvikling og forvaltning lista opp ei rekke gode og konkrete strategiar som det er naturleg å ta utgangspunkt i. I innspelsperioden er det særleg påpeika at følgande i tillegg må ha høgt fokus: 1. næringsaktivitet i sjøområda, 2.

vurdering av Måløy, Raudeberg og Deknepollen som felles sentrumsområde, 3.attraktive bustadområder. Fylkesmannen signaliserer at ein må vere tydelegare på utgreiing og konsekvensar for folkehelse og strandsona. Sentrale punkt i innspela er innarbeidd i revidert planprogram. Alle innspel er systematisert i eige vedlegg.

### **Prosess og medverknad**

Hovudfokuset i denne planprosessen vil vere i tidlegare Vågsøy. Her er det lagt ned eit omfattande arbeid og stor grad av medverknad og involvering for utforming av ny plan etter vedtak av planprogram i 2016. Dette skal gjennomgåast og leggest til grunn. Høyringsperioden til dette planprogrammet har vist at det er ønske om meir involvering og mulighet til å kome med nye innspel. Dette blir ivaretatt gjennom tett dialog med Måløy Vekst, næringslivet generelt, grunneigarar og andre. Det kjem til å bli fysiske møter samt aktiv bruk av digitale media for få god dialog med folk.

For Flora-delen så er tanken å vidareføre eksisterande plan med nokre justeringar.

Planprogrammet sin framdriftsplan legg opp til å ha klar ein kommuneplanens arealdel for vedtak i desember 2021.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Gjennomførast innanfor vedteke økonomisk ramme.

### **Vedlegg i saken:**

Planprogram kommuneplanens arealdel -til vedtak 260520

Merknadsoversikt med rådmannens vurdering-kommuneplanens arealdel 140520

Vedlegg til planprogram-Nasjonale og regionale rammer for arealplanlegging i Kinn kommune